

Oppdrag Masfjordfjella nasjonalpark

Orientering til kommunestyra i Masfjorden og Alver kommunar 24. februar 2022
Miljødirektør Kjell Kvingedal



Statsforvaltaren i Vestland



24.06.2022

Hornelen



Masfjordfjella



Øystesefjella





Tidslinje fram til no

2. november 2020 ga Klima- og miljødirektoratet oppdrag til Miljødirektoratet om å vurdere ytterligere anbefalte område til nasjonalpark

7. april 2021 ga Miljødirektoratet sin tilråding til Klima- og miljødepartementet basert på foreløpig tilbakemelding frå kommunane

9. september 2021 ber Klima- og miljødepartementet Miljødirektoratet om vidare arbeid

9. november 2021 gir Miljødirektoratet Statsforvaltaren i oppdrag å avklare om det er lokal aksept for å forberede og gjennomføre verneprosess for nasjonalpark i tre område i Vestland



Viktig å orientere kommunestyra

Oppdragsbrevet vart oversendt ordførarane i januar


Møte på Knarvik helsehus torsdag 17. februar

Vi må ha med kommunane i arbeidet

Kva er verneverdiane og kva veit vi om Masfjordfjella?

Innhaldet og tidslinja for etappane i ein verneprosess

Område vi skal vurdere



Statsforvaltaren i Vestland

Facebook @SFVestland

Twitter @SFVestland

LinkedIn @SFVestland

Abonner på nyhende www.statsforvaltaren.no/vl



Kvifor vernar vi område?


Vi har eit nasjonalt mål om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur - Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*

Ta vare på trua natur

Dekke manglane i eksisterande verneområde

Danne økologiske nettverk

Gjere norsk natur meir robust mot klimaendringer



Masfjordfjella er ikkje biologisk rike. Jordsmonnet er ofte grunnlendt, og vegetasjonen karrig — den harde gneisen gir ikkje plantene så gode vilkår.

Men dette fjellmassivet har dei eldste bergartene i Hordaland — mellom 1 og 2 milliardar år gamle.

Naturen har særpreg, og den er rimeleg fri for inngrep. Dette er det største inngrepsfrie området i Hordaland utanom Hardangervidda .



Samarbeid med kommunane

Tett dialog før oppstart av formelle verneplanprosessar

Avklare kva område og areal som er aktuelle å ta med, både utvidingar og reduksjoner

Foreslå andre eller alternative areal i tilknytning til dei aktuelle områda, sikre variasjon i livsmiljø frå fjord til høgfjell – frivillig skogvern

Utgreie nasjonalpark eller landskapsvernområde

Dialog med grunneierorganisasjoner, natur- og friluftorganisasjoner



Oppdraget av 9. november 2021

Avklare med Alver og Masfjorden kommunar om det er aksept for å forberede og gjennomføre vidare verneprosess i Masfjordfjella

Forberede og gjennomføre dialog med grunneigarorganisasjonar og naturvern- og friluftorganisasjonar

Dialogen med organisasjonane bør gjennomførast så tidleg som mogleg og helst før kommunane tar stilling til igangsetting av verneplanprosess

Vurdere kunnskapsgrunnlag for ein verneprosess og trong for kunnskapsinnhenting

Vurdering av andre område krev avklaring med Miljødirektoratet



Sakshandsamingsreglar


Ei verneforskrift er egentleg ei forskrift etter forvaltingslova, der også føringar frå naturmangfaldlova §§ 41-43 er tekne inn.

Proessen fram mot ei eventuell verneforskrift skal vere open og inkluderande, der alle berørte partar vert trekt inn i saka, tidleg i prosessen.

Utgreiinga skal vere sakleg og grundig, og følgje krava i statens utgreiingsinstruksen og sakshandsamingsreglane i T-2/15

2022

2024



2023



Steg i verneprosessen

1. Statsforvaltaren får oppdrag fra Miljødirektoratet
2. Tidleg førebuing, orientere kommunar, fylkeskommune og andre, avklare lokal aksept
Arbeid med faglege utgreiinger kan ta til.
3. Oppstart av verneprosess, med tilhøyrande utgreiinger - KU > 250 km²
4. Oppnemning av rådgjevande utval
5. Innhenting av kunnskap, møteverksemd og informasjonsarbeid
6. Konkret verneframlegg vert sendt til fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet
7. Lokal og sentral høyring i same prosess
8. Oppsummering av høyring og tilhøyrande faglege tilråding til Miljødirektoratet.
9. Miljødirektoratet vurderer statsforvaltaren si faglege tilråding og oversender innstilling til Klima- og miljødepartementet med framlegg til verneforskrift og avgrensing
10. Klima- og miljødepartementet førebur saka for handsaming i regjeringa
11. Kongeleg resolusjon



Erstatningsreglar

Grunnregelen er at dersom **pårekneleg bruk** vert forbode eller hindra som følgje av eit vernevedtak, skal dei tapte rettane erstattast.

Skogbruk er **pårekneleg bruk** som vert forbode i verna skog. Ved frivillig skogvern er prinsippet at det skal vere meir lønsamt for skogeigar å verne skogen enn kva han ville fått ved å hogge den. Dette er sterkt medverkande til at frivillig skogvern fungerer godt.

Dei fleste tradisjonelle driftsformer som beiting, støling, jakt og fiske vert ikkje regulert ved vernevedtak. Det er vanskeleg å gje løyve til nydyrking av myr i dag. Om eit område er viktig nok til at det kvalifiserer for vern etter naturmangfaldlova, er det vanskeleg å gje løyve til nedbygging etter anna lovverk. Det er såleis få — kanskje ingen — pårekneleg bruk å erstatte.

Kan staten kjøpe eit verneverdig areal dersom grunneigar vil selge?
Det er i prinsippet mogleg, men svaret er oftast nei

Lokal forvaltning av nasjonalparker er viktig

Verneområdestyre forvaltar område på vegne av staten

Sekretærfunksjon for verneområdestyre er lønna av Statsforvaltaren

Drift og tiltak er dekkja av midlar frå Miljødirektoratet


Tiltaksposten kan nyttast til skjøtsel og restaurering

Tilrettelegge for ålmenta dersom tiltaket er i samsvar med verneføremål og besøksstrategi



Nasjonalt parker og store verneområde i Vestland

Verneområde	Tiltak	Drift	Forvaltingsplan
Breheimen verneområdestyre	800 000		
Folgefonna nasjonalparkstyre	250 000	150 000	600 000
Hardangervidda	400 000	150 000	175 000
Jostedalbreen nasjonalparkstyre	2 000 000	320 000	270 000
Verneområdestyre for Stølsheimen	500 000	180 000	30 000
Nærøyfjorden verneområdestyre	800 000	240 000	150 000
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	500 000	95 000	
Ålfotbreen verneområdestyre	300 000	115 000	
Totalt	5 550 000	1 250 000	1 225 000



— Då eg tok til å engasjere med i politikken for mange år sidan, meinte eg at nasjonalparkar var noko «herk». Det meiner eg slett ikkje lenger. I dag er eg oppteken av å sjå moglegheitene i dette, og å få ta aktivt del i forvaltinga har vore avgjerande for haldninga mi. Eg ønskjer ei offensiv forvalting og meiner vi kan bruke nasjonalparkane våre meir aktivt. Det er viktig, for turismen veks alle stader, og i nasjonalparkane er ingen meir skikka til å handtere desse utfordringane enn forvaltingsregimet, seier han.

Bjørn Laugaland (Sp), ordfører i Hjelmeland kommune

— Engasjement i forvaltinga av naturen i heimetraktene mine tar mykje tid for meg, medgir han, — men 80 prosent av areala i Dovre kommune er verna, så det *bør* ta tid for meg!

Bengt Fasteraune (Sp), ordfører i Dovre kommune